

FAKTA OM LUS OG KVA EIN MÅ GJERE



TIL HEIMEN

Vi har fått melding om at det er oppdaga lus i hovud/hår hos barn i skulekrinsen/barnehagen. Det er sjølv sagt ikkje noko kjekt når dette oppstår, men ein må likevel på det sterkaste åtvare mot at nokon blir mistenkjeleggjort eller utpeika som "syndebukkar" i denne samanheng. Situasjonen krev derimot felles innsats og samarbeid, og vi ber difor om at de som foreldre/føresette undersøker eigne barn. Orienteringa nedanfor er tenkt som ei hjelp i denne samanheng. Med felles innsats skal vi bli kvitt lusa.

Det er ikkje skulen/barnehagen "som har lus". Det er menneska som har lus, og oftast barn i alderen 4 - 12 år.

Det er mykje større sjanse for å verta smitta utanfor skule/barnehage enn på skulen/barnehagen.

Når lus vert oppdaga har den vore til stades i lang tid. Det er difor ingen grunn til panikk.

Undersøking for alle barna bør skje samstundes for å verta mest mogeleg effektiv. Undersøk difor barnet sitt hår nøye med det same de får denne informasjonen, sjølv om de ikkje trur barnet har lus.

Familien til barnet som det er oppdaga lus på, må også verte undersøkt grundig, spesielt søsken har lett for å verte smitta. "Klemmekontaktane" til familien bør verte varsla slik at dei kan verte undersøkt og behandla.

Det er dei som går med uoppdaga lus som er smittespreiarar.

KORLEIS SER LUSA / EGGA UT?

Lusa er eit 2-3 mm langt vengelaust insekt, gråkvitt eller mørkt på farge. Dei beveger seg raskt i håret, og kan difor vera vanskeleg å få auge på. Uklekte egg er svakt gulkvite og gjennomskinnelege og er heller ikkje lette å sjå. Når egga er klekt vert dei fylt med luft og vert kvite, og er dermed mykje lettare å sjå. Dei kan minne om flass, men sit limt fast til hårstrået nede ved rota. Leit etter lus og egg. Lusa legg oftast egg: Bak øyrene, opp mot issen og i nakken. Sjølv om de ikkje finn noko første gongen de undersøker, bør undersøkinga verte gjenteke fleire gonger over dei neste vekene. Lus kan bli oversett. Det kan ta veker og månadar frå ein er smitta til ein byrjar å klø. Etter kvart som håret veks vil difor egga få større avstand til hovudbotnen.

Kamming av vått hår har vist seg å vere den mest effektive måten til å påvise hovudlus. **Det er viktig å bruke finkam, sterkt lys, forstørrelsesglass og handkle over skuldrene.**

Sjå etter lus og egg både på kammen og på handkledet.

BEHANDLING:

Det er framleis anbefalt å bruke linimenta **Malation** og **Prioderm** som behandling mot lus. Hugs at det er viktig å kontrollere håret dagleg i 3 veker etter siste behandling. Behandlinga skal gjentakast etter 8 dagar. (Det er viktig å følge bruksanvisninga). Dersom lusa er resistente, vil lusemiddelet vanlegvis lamma dei ei stund. Medan dei er lamma, skal lusa kammast ut av håret. **Det er berre den som har lus som skal behandlast!**

Kamming kan også verte brukt til å bekjempe hovudlus. Ved bekjempelse må kamming verte utført systematisk og grundig ein gong om dagen i minst åtte dagar og deretter ein gong i veka i tre veker. Bruk ein vanleg finkam i plast. Vask håret først med vanleg sjampo, legg eit kvitt handkle over skuldrene og kam håret grundig medan det er vått. Lusa og egga fell då ned på handkledet og er lette å oppdage. Både kam og handkle må etterbehandlast for å drepa alle lus og egg, enten ved vasking på 60 grader eller nedfrysing i minst 4 timar. Kammen må også rensast mellom kvar person som brukar den.

Ved kamming av tørt hår vert håret og kammen statisk elektrisk, og dei små luseungane kan fyke frå kammen og tilbake i håret under kamming. Dei store lusa flyttar seg raskare i tørt enn i vått hår og kan krype inn i deler av håret som nett er kamma. Under kjemminga rammar dei største lusa frå kammen og ned på personen sine skuldrer og kan krype opp att i håret. **Det er derfor viktig å ha eit handkle over skuldra.**

HODELUS – høstens plagsomme gjest

FOLKEHELSEA, 22.09.04

Generelt:

Det beste forebyggjande tiltaket er at foreldra undersøker borna for hodelus med jamne mellomrom slik at lusa kan oppdagast før den spreier seg. Overføring av lus frå ein person til ein annan skjer først og fremst ved direkte hovudkontakt. Leik likevel ikkje hatteleiken eller frisør akkurat nå. Lån heller ikkje luer, skjerf, høghalsa genser eller kam/hårbørste av kvarandre. Lusa kan også vandre ved at plagg heng over kvarandre i ein garderobe. Det er liten sjanse for spreiding via nakkeputer og møbler.

Lus i klessplagg og gjenstandar dør når dei ligg ubrukt i romtemperatur i to døgn. Eit anna alternativ er å ha desse tinga i vaskemaskin eller tørketrommel ved 60 grader C i 10 minuttar eller i fryseboksen i 4 timar. (i ein plastpose) Lusa dør hurtig ved frysing (-20 grader C) og oppvarming (+60 grader C).

Ved felles innsats er det håp om å lykkast.

Det er ikkje nødvendig med omfattande reingjering av klede, sengetøy, møbler m.m. for å hindre smitte.

Ein kan gå på skulen og i barnehage etter første behandling

Med helsing

Helsesøstrene i Fjell

Tlf.: Straume helsestasjon 56 31 37 20

Tlf.: Ågotnes helsestasjon 56 31 39 80

Dei som har tilgang til internett, kan finne ein del opplysningar om behandling ved å gå inn på www.fhi.no (Folkehelseinstituttet) med søkjeord "hodelus"